

Ros til Bø kommune

Utdanningsdirektoratets omreisende rettleiar-korps har nominert Bø kommune til ei rolle i sluttsamlinga for rettleiarordninga som har fokus på kvalitet i skulen. Samlinga finn stad på Gardermoen i juni og Bø kommune er nominert til å presentere sine erfaringar med utviklingsarbeidet på samling og/ eller ta imot statsråd og depar-

tement i Bø. Rettleiarkorpsset synest Bø kommune har stått fram som gode politiske skuleeigarar, og at deltakarane frå skule og administrasjon har gått inn i prosjektet på ein positiv måte og erkjent behov for forbetring. Rettleiarane meiner at Bø kommune viser veg når det gjeld å ta skuleeigars ansvar for læringsmiljø og resultat.

Ny stilling i skuleadministrasjonen

Bø kommune har oppretta ei 50 prosent stilling som undervisningskonsulent innanfor skule. Undervisningskonsulenten skal avlaste kommunalsjef Beate Darrud. Det er ei prosjektstilling som varer ut 2016. Bjørnar Nesje har fått jobben. Han opplyser at oppgåvene blir saksbehandling, utgreiing- og rapporteringsarbeid vesentleg innanfor skulen. Blant anna skal han førebu rektor- og styrarmøte, førebu politiske saker og følgje opp rapportar og undersøkingar. Han skal også vikariere for kommunalsjefen når ho er borte.

Tre alternativ for Seljo

Seljord kommunestyre har sagt ja til å delta i tre forprosjekt om kommunesamanslåing: med fire andre Vest-Telemark-kommunar, restane av Lifjell rundt og Midt-Telemark.

Marta Kjøllesdal

marta@boblad.no – 976 88 692

Det vart resultatet då sakene var oppe i kommunestyret i april 9. april.

Vest-Telemark-alternativet består av kommunane Tokke, Fyresdal, Nissedal og Kviteseid pluss Seljord. Heile kommunestyret var einige i at ein skulle gå vidare og sjå på moglegheita for at desse kan slå seg saman.

Dersom det er nødvendig

Derimot var kommunestyret splitta i vedtaket om å gå vidare med dei kommunane som er att i Lifjell rundt og å takke ja til invitasjonen frå Bø om å delta i forprosjekt saman med kommunane Sauherad, Nome og Bø. Det var sju representantar som stemde mot dei to forslaga. Det var representantane for Arbeiderpartiet, Senterpartiet og SV som sa nei. Dei tretten representantane for Høgre, Venstre, KrF og Frp gjekk inn for å seie ja til dei to alternativa òg.

Ikkje utvida samarbeid, men...

I saka om forprosjekt saman med dei fire andre Vest-Telemark-kommunane sa seljordpolitikarane også at kommunen har

som intensjon å bli ein del av ein større kommune i tråd med kommunereforma. Dei meiner at utvida interkommunalt samarbeid ikkje er i tråd med kommunereforma og heller ikkje ein naturleg del av eit forprosjekt. Kommunestyret er likevel villig til å utgreie dette også dersom det er nødvendig for å få oppslutning om eit forprosjekt om kommunesamanslåing.

Ikkje desperat

– Vedtaka blei gjort for å sikre eit breiast mogeleg informasjonsgrunnlag til å ta avgjersle om kommunesamanslåing ut frå, seier ordførar Jon Svartdal (KrF).

Han seier at for posisjonen er det også viktig at innbyggjarane skal få vera med og påverke val av retning å gå.

– *Det kan verke litt desperat å vurdere tre alternativ?*

– Denne saka er den viktigaste som har vore på mange tiår, og handlar om framtidig organisering av området vi bur i. For meg blir dette vedtaket på ingen måte desperat, det er vidsynt, seier Svartdal.

– Det som ser meir desperat ut er når opposisjonen er livredde for å undersøkje om det kan vera fordelaktig å slå seg saman med kommunar i Aust- og Midt-Telemark, held Svartdal fram.

Nome positiv

Nome formannskap sa ja til å delta i forprosjekt om samanslåing av kommunane Nome, Bø, Seljord og Sauherad, ifølgje pro-

tokollen frå møtet 9. april. Råd-mannen skreiv i saksinnstillinga at sjølv om dette alternativet ikkje har vore eit av dei aktuelle for Nome tidlegare, så er det absolutt interessant å sjå nær-mare på. Med Seljord får ein dei to sterkaste vekstkommunane i regionen med i ein ny kommune. Det vil gi endå sterkare vekstimpuls inn i eit sterkt Midt-Telemark. Nomerådsmannen peikar også på at dei fire kommunane er bundne saman av riksveg 36. Den skal oppgraderast og reisetida mellom Ulefoss og Seljord vil bli betydeleg redusert.

Vedtaket var einstemmig. Jan Thorsen (Sp) hadde forlate møtet då saka vart behandla, men det hadde ikkje noko med saka å gjere, opplyser rådmann Bjørn G. Andersen. Thorsen svarte ikkje då Bø blad spurte kommunepolitikarane i Midt-Telemark om deira standpunkt til kommunesamanslåing i fjor haust. Thorsen har ønskt at Nome skal vurdere å sjå mot Skien kommune og ikkje berre Midt-Telemark. Han har også uttrykt skepsis til prosessen som er i gang og om det er nødvendig med samanslåing.

Saka kjem også opp i kommunestyret i Nome torsdag 23. april.

Svært viktig sak.

– *Kommunereforma er den viktigaste saka på mange tiår.*

Det er viktig med breiast mogleg informasjonsgrunnlag til å ta avgjersle ut frå, meiner seljordordførar Jon Svartdal. Arkivfoto



KOMMUNEREFORMA



Vil høyre på butikkhøyringa

Bø Venstre har sagt nei til søndagsopne butikkar, medan moderpartiet har programfesta at kommunane skal bestemme. Eit forsøk på å endre det vedtaket førte ikkje fram på landsmøtet.

Marta Kjøllesdal

marta@boblad.no – tlf 976 88 692

Sist helg var det landsmøte i Venstre for Tromsø. Ein av ut-

sendingane der var ordførar i Bø, Olav Kasland. I tida før landsmøtet har debatten om søndagsopne butikkar gått. Bø Venstre har årsmøtevedtak på at ein er imot. I ei oppteljing NRK har gjort er ni av ti Venstre-ordførarar negative, medan ein er usikker. Mange andre i samfunnet gir også uttrykk for at dette er ikkje noko ein ønskjer.

Bestemmer ikkje sjølve

Venstres vedtak seier at kommunane skal bestemme sjølve.

– Men seier Seljord ja til søndagsopne butikkar, så blir det eit veldig sterkt press på oss, seier Kasland.

Han er einig i at ei slik ordning ikkje gir eit reelt val til mange kommunar.

Frå Snåsa i Nord-Trøndelag kom det forslag om at landsmøtet skulle endre Venstres standpunkt.

– Det var eit av 50 resolusjonsforslag. Det var berre seks som skulle behandlast, då vart det ein prioriteringsdebatt og det

vart ikkje med, seier Kasland etter at møtet i Tromsø er ferdig.

Ute på høyring

Regjeringa, som ønskjer søndagsopne butikkar, sende forslaget ut på høyring før påske.

– Men Trine Skei Grande sa tydeleg at saka er ute på høyring til kommunane. Dersom det skal vere nokon vits med høyringar så skal dei høyrast på, seier Kasland.

Derfor har han framleis eit håp om å unngå søndagsopne

butikkar. KrF, det andre partiet som samarbeider med Høgre-Frp-regjeringa, har sagt at det er svært imot. Arbeiderpartiet er også negativt.

– Eg skal i alle fall gjere mitt for at høyringsuttalen frå Bø kommune seier nei. Det trur eg alle Venstre-ordførarane gjer, seier Kasland.